

Varsel om oppstart av detaljregulering for Langeland gnr. 24 bnr. 7 og 90 m.fl., Meland kommune

Varsel om oppstart – brev, web: 17.02.2016
Varsel om oppstart – avisannonse Strilen: 19.02.2016
Frist for merknader til varsel om oppstart: 19.03.2016

Oppsummering innkomne merknader datert: 19.04.2016

Til varsel om oppstart er det motteke 9 merknader. 2 private merknader og 7 offentlege uttalar.

Avsendar	Merknad	Kommentar
Private		
1. Gudveig Steinhovden Jan Magne Steinhovden Gnr. 24 bnr. 71 Datert: 01.03.2016	Fylkesvegen (Sagstadvegen) frå Sagstad skule til Frekhaug må utbetras med eigen gang og sykkelveg før området vert bygd ut. Vegen har i dag alt for liten kapasitet og det er aukande tal mjuke trafikantar langs denne bilvegen. Det er mange som går frå dette området, blant anna vel mange frå Meland Aktiv å gå langs bilvegen. Meiner det bør vere eit krav at fylkesvegen må vere på plass før området Langeland B5 vert bygd ut.	
2. Torfinn Losnedahl, Stiftelsen Meland Aktiv Gina Blomberg, Idrettslaget Kvernbit Datert: 16.03.2016	Begge parter stillar seg positiv til den varsla oppstarten. Har ikkje merknader til sjølve planområdet. Ber om at det i planarbeidet vert spesielt fokusert på og teke omsyn til Idrettsparken for auka mengder overvatn. Idrettsparken har tidlegare vore utsett for oversvømming. Vesentlege utbetringar er gjort for å handtere vassmengdene frå det noverande naturlege nedslagsfeltet, men auka mengde overvatn vil ikkje kunne handterast av eksisterande grøftar og leidningsnett på Fossemyra.	<i>Vert teke til etterretning.</i>

Offentlege		
<p>3. BKK Nett AS Kokstadvegen 37 Postboks 7050 5020 Bergen</p> <p>Datert: 18.02.2016</p>	<p>Innanfor planområdet har BKK Nett AS 22 kV høgspenningsanlegg, høgspenningskablar, høgspenningsluftleidning og nettstasjon.</p> <p>Dersom planen legg til grunn omlegging av eksisterande høgspenningsanlegg må det setjast av nye trasear for desse. BKK Nett vil krevje full kostnadsdekning.</p> <p>Det må vurderast plass til å etablere ny nettstasjon i området. Dei ønskjer at areal for nettstasjon regulerast eller vert omtala i planføresegnene. Byggjeforbodssoner rundt høgspenningsanlegg må leggjast inn i planen. BKK Nett ber om at dei vert kontakta når detaljplan for utbygging og utnytting av området ligg føre.</p> <p>Eksisterande nettstasjonar, høgspennings luftleidning og høgspenningskablar må takast omsyn til.</p>	<p><i>Vert teke til orientering.</i></p>
<p>4. NGIR Lindåsvegen 1260 5956 Hundvin</p> <p>Datert: 22.02.2016</p>	<p>Kvar einskild hushald har rett til å setje fram opptil to dunkar til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane.</p> <p>Tilkomsvegen til hentestaden må ha tilstrekkeleg breidde og tåle tilstrekkeleg akseltrykk. Hentestaden bør liggja i eit område som er plan og renovasjonsbilen må kunne gjera operasjonar utan å vere til hinder for anna ferdsel.</p> <p>Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestaden. Alternativt må ein ha ein gjennomkøyringsveg for å unngå rygging. Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestaden.</p>	<p><i>Vert teke til orientering.</i></p>
<p>5. Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 Bergen</p>	<p>Viser til krav til ros- analyse, støyvurderingar, ivaretaking av barn og unge sine interesser og at planar skal fremje befolkninga si helse. Fylkesmannen påpeikar også at konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet.</p>	<p><i>Vert teke til orientering.</i></p>

<p>Datert: 03.03.2016</p>	<p>Dei viser vidare til at regional plan for attraktive senter i Hordaland skal leggjast til grunn i den kommunale planlegginga og at nytt bruksareal for detaljhandel berre er tillate i nærare definerte senterområde og at utbyggingsmønster og transportsystem skal samordnast for å oppnå effektive og klima- og miljøvennlege løysingar.</p> <p>Ber kommunen om å vurdere moglegheitene for om denne planen er godt eigna for å få busett flyktningar.</p>	
<p>6. Meland kommune v/ Råd for menneske med nedsett funksjonsevne Postboks 79 5906 Frekhaug Datert: 10.03.2016</p>	<p>Rådet føreset at krava om universell utforming i plan- og bygningslova vert følgt når det gjeld tilkomst og uteområde.</p> <p>Uteareal skal innanfor si funksjon vere universelt utforma i samsvar med forskrifter gitt av departementet. Dette er særleg viktig med tanke på det bratte terrenget og stigningsforhold på eksisterande tilkomstveg.</p>	<p><i>Vert teke til orientering.</i></p>
<p>7. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) Datert: 11.03.2016</p>	<p>NVE har ingen innspel til planarbeidet</p>	<p><i>Vert teke til orientering.</i></p>
<p>8. Statens vegvesen Askedalen 4 6863 Leikanger Datert: 17.03.2016</p>	<p>Statens vegvesen meiner at vegen fv. 244 med dagens standard har nådd sitt mettingspunkt, spesielt av omsyn til gåande og syklande. Dei krev difor at det må etablerast eit separat tilbod for gåande og syklande langs fv. 244 før bustadområdet kan byggjast ut. Dei viser til kommuneplanens føresegn § 1.5.2 første punkt og § 1.5.3 andre punkt, som gjeld planlegging av naudsynt infrastruktur ved etablering av byggeområde.</p> <p>Statens vegvesen meiner vidare at planområdet må utvidas til å omfatte fv. 244 frå kryss med fv. 564 på Frekhaug. Det må regulerast vegløyning med standard Sa2 i samsvar med handbok N100, der vegbredde er 5,5 meter +</p>	

	<p>vegskulder. Tilbod for gåande og syklande må regulerast som sykkelveg med fortau, med minimum 2,5 meter for syklande og 1,5 meter for gåande + vegskulder.</p> <p>Ein reguleringsplan for dette området utan rekkjefølgekrav om separat tilbod for gåande og syklande langs fv. 244, vil etter Statens vegvesen si vurdering kome i konflikt med nasjonale arealpolitiske føringar om trafikktryggleik og betre tilrettelegging for gang- og sykkeltrafikk.</p>	
<p>9. Meland kommune v/Eldrerådet</p> <p>Datert 11.04.2016</p>	<p>Eldrerådet har ingen merknader til oppstart av detaljregulering for Langeland.</p>	<p><i>Vert teke til orientering.</i></p>